

(Øystesevassdraget fråsegn okt 2012)

Frå: Naturvernforbundet i Kvam v/ Natalia Golis,

Til :Noregs vassdrags- og energidirektorat, 0301 Oslo, epost: nve@nve.no

Dykkar ref: NVE 200905234-4 kv/jfj

Høyring av melding med framlegg til konsekvensutgreiingsprogram for Øystese kraftverk i Kvam herad, og for overføring frå Vossadalsvatnet i Kvam herad til Svartavatnet i Samnanger kommune, Hordaland fylke.

Naturvernforbundet i Kvam set pris på at NVE handsamar desse to omfattande utbyggingsplanane samstundes. Naturvernforbundet i Kvam og fleire andre lokale, regionale og landsomfemnande naturvern- og friluftsansjasjonar har arbeidd for å verna dette karakteristiske fjordvassdraget sidan tidleg på 1980-talet. Me har mellom anna føreslege at fjell- og dalområdet mellom Hardangerfjorden, Bergsdalen og Kvamskogen, som har få inngrep, vert eit landskapsvernområde. Desse planane har ikkje fått gjennomslag, dei har heller ikkje hatt ei reell og grundig handsaming i arbeid med fylkesplanar.

Som NVE veit, vart vassdraget tilrådd verna av NVE i den siste suppleringa av verneplan for vassdrag. Diverre tek ikkje ei konsesjonshandsaming opp i seg dei breie, generelle verne vurderingane. Konsekvensutgreiingane har vurdert oppdelte, smalare fagfelt. Me ber NVE ta med seg alle vurderingane som er gjort i forhold til Øystesevassdraget fram gjennom åra når utbyggingsplanane skal vurderast.

I konsekvensutgreiingane er ikkje den overordna verdien av å ha eit urørt vassdrag frå fjord til høgfjell vurdert samala. Naturvernforbundet meiner den verdien er god nok grunn til å gå mot begge utbyggingsplanane.

Urørt av utbygging

Me som arbeider for vern av natur, meiner at dei vurderingane som er gjort i konsekvensutgreiingane ikkje tek nok omsyn til heilskapen i naturmangfaldet i dette området som står fram som eit nesten urørt naturdokument i det som vert vurdert som eit av dei mest varierte og mangfaldige fjordområda i verda. Alt for mange vassdrag langs som renn frå høgfjellet til Hardangerfjorden er alt heilt eller delvis utbygde.

Som de veit strekkjer Øystesevassdraget i Kvam strekkjer seg sentralt nordover frå Hardangerfjorden i fjellområdet mellom Fykkesundet og Kvamskogen i retning Hamlagrøvatnet.

Dei høgste kjeldene til vassdraget ligg i småtjørnar og snøfenner langs Fuglafjell (1334 m.o.h) på vestsida av dalføret og Skrott (1320 m.o.h.) på austsida. Vasskiljet mot Hamlagrøvatnet ligg ved Vending (om lag 850 m.o.h.) litt nord om Solheimdalen. Nedbørfeltet til vassdraget er på 45 kvadratkilometer og heile dette fjellområdet har få naturinngrep..

Då NVE vurderte Øystesevassdraget sine kvalitetar i forhold til verneplanarbeidet sa dei at vassdraget hadde kvalitetar som klart kvalifiserte vassdraget til å være ein del av Verneplan for vassdrag. Dei peika særleg på vassdraget sine kvalitetar knytt til landskap, variasjonsrikdom i naturtypar frå fjell til fjord, og friluftsliv. Dei syner også til at Øystesevassdraget er eit fjordvassdrag i eit område som er lite representert i verneplanen. Det tilgrensa verna vassdraget Fosselvi dekker berre øvre delar av denne type vassdrag.

NVE meinte at heile vassdraget burde vernast og peika på at verneplan for vassdrag skal utgjere eit representativt snitt av norske vassdrag med vekt på å verne heile vassdrag med deira dynamikk frå fjell til fjord. Dersom Øystesevassdraget skal gje eit vesentleg positivt bidrag til verneplanen, bør vernet difor omfatte heile vassdraget. Eit vern som berre omfattar øvre delen vil ha mindre verdi. NVE peikar også på at den nedre delen har natur- og opplevingskvalitetar knytta til det varierte elvelauget i stryk og fossar, med Ørredalsfossen som eit særleg markert element.

Naturvernforbundet får ikkje svar på spørsmål om verneverdi

I St.prp. nr 53 (2008-2009) der Olje- og energidepartementet tek Øystesevassdraget ut or verneplanen, vert det grunngjeve med at det finst verna vassdrag som har dei same kvalitetane i regionen. På eit møte i Øystese hausten 2010 kunne ikkje NVE forklara kva vassdrag det galdt. Naturvernforbundet etterlyste kva vassdrag det kunne vera snakk om både i brev av 30. nov 2010 og på møte i Øystese i slutten av august i år. Framleis manglar me svar på spørsmålet vårt.

To store utbyggingar med ”låg negativ effekt på naturmiljøet”

Det er søkt om to store kraftutbyggingar i vassdraget. Dei to prosjekta står til ei viss grad mot kvarandre, då dei vil bruka det same vatnet. BKK sine planar fører til at vassføringa elva frå Vossadalen til Fitjadalen vert sterkt redusert. Øystesekraft si utbygging brukar vatnet frå nedafor Fitjadalsvatnet. Den karakteristiske Ørredalsfossen og naturmiljøet i det nesten utilgjengelege og dermed urørte elvestrekninga nedafor, får mykje mindre vassføring enn i dag.

Etter Naturvernforbundet sitt syn får utbyggingar som tek bort mykje av vatnet frå vassdraget, svært store konsekvensar for naturmangfaldet, landskapet og opplevinga av det som tidlegare sto fram som eit urørt landskap. Sjølv om det ikkje er så lange avstandar, opplever me at villmarka når me går innover Flatebotnane i retning Vossadalen. Den kjensla vert borte når vatnet i elva nesten er borte. I konsekvensutgreiinga for BKK sine planar er hovudoppslaget: ”Den planlagde utbygginga er generelt vurdert å gje låg negativ effekt for naturmiljøet”. For Fitjadalen er konsekvensane for landskapet ”middels negativ”, elles lite negativt.

Me undrar oss også på oppsummeringa av konsekvensvurderinga for planane til Øystese kraft. At vassmengda vert monaleg redusert i ei elv som før er urørt, vert vurdert som ”lite til middels negativ” i driftsfasen. Nett ein slik nesten utilgjengeleg elvestrekning som ikkje er truga av anna utnytting, er ei svært viktig naturdokument. Det same gjeld Ørredalsfossen. At det er mykje skog kring som gjer fossen for lite synleg, betyr ikkje at han ikkje er svært viktig i landskapet.

Generelt er landskap, opplevingsverdi og naturen sin eigen verdi lagt alt for lite vekt på i konsekvensutgreiingane. Det er direkte provoserande for oss som har arbeidd mot dei store inngrepa frå kraftlinja, når kraftlinja vert brukt som argument for utbygging av vassdraget. ”Dreg du den så dreg du den” er eit gammalt ordtak som utbyggjarane ser ut til å nytta seg av.

Naturvernforbundet i Kvam meiner framleis at for dei samla lokale, regionale og til ein viss grad nasjonale naturverdiane, må det vera av svært høg verdi å ha eit uregulert vassdrag frå fjord til høgfjell 1300 moh, i svært kompakt form. Når mykje av vatnet vert fjerna, får det svært store negative konsekvensar. Naturvernforbundet ber difor NVE avvisa planane om utbygging av Øystesevassdraget.